

Mat og landbruk

Her gjev ei oversikt over korleis EØS-avtala påverkar landbruks- og matområdet i Noreg. Sjølv om det blir understreka at Noreg ikkje er ein del av EUs felles landbrukspolitik og har tollvern, blir det framheva at mat- og landbruksområdet er sterkt påverka av EØS-avtala. Dette trass i at landbruket vart halde utanfor då EØS-avtala vart inngått. NOU-en peikar særleg på tre område der landbruket er påverka av EØS:

- Matvaretryggleik og veterinære saker
- Liberalisering av landbruks-varehandelen
- Generelle EØS-reglar med særleg vekt på arbeidsinnvandring

Matvaretryggleik og veterinære saker.

Størst i omfang er regelverket om matvaretryggleik og veterinære saker, som no utgjør 40 % av EØS-rettsaktene og 90 % av Mattilsynet sitt regelverk. Desse områda vart innlemma gjennom inngåing av veterinæravtala i 1998 og bortfall av den veterinære grensekontrollen. Fiskeri-interessene ynskte veterinæravtala for å gjere eksporten av fisk enklare, medan landbruksinteressene, veterinærar, Sp og SV tapte kampen etter lang politisk strid.

Handel med landbruksvarer.

Artikkel 19 slår fast at EU og Noreg skal møtast annankvart år for å gå gjennom vilkåra for landbrukshandelen med basis landbruksvarer med sikte på gradvis liberalisering. Forhandlingane skal skje innanfor dei respektive landa sin landbrukspolitik, og reduksjonen skal vere på gjensidig fordelaktig basis. Etter siste runde med forhandlingar er ostekvoten no oppe i 7200 tonn, i tillegg er det kvotar på m.a. kjøtt, grønnsaker og fôr. Protokoll 3 regulerer handel med bearbeidde matvarer. Desse varene er i hovudsak underlagt generell frihandelsreglar, men det er ordningar for toll, prisnedskrivning og eksportstøtte for å utjamne råvareprisar. Importen av landbruksvarer er femdobla (i mengde) mellom 1990 og 2010.

Vurdering av innhaldet

1. Uproblematisk og avpolitisert?

Fleirtalet i komiteen hevdar utan ei fagvurdering at det i hovudsak har vore uproblematisk for Noreg å ta inn regelverket på mat og veterinærområdet. Frå fleirtalet blir det hevda at dei ”verste skremslene” om Veterinæravtala framstår meir som etterdønningar frå EU-kampen i 1994 enn som fagleg objektiv diskusjon. Det blir hevda at dette feltet no blir rekna som avpolitisert, men dette er basert på ei manglande forståing av debatten før utvidinga av EØS-avtala. I februar 2012 er det m.a. ein debatt om kvifor salmonellabakteriar ser ut til å bli vanlegare hos husdyr i Noreg, og campylobactersmitte hjå menneske aukar.

Mange av rettsaktene på dette området er tekniske og uproblematisk, men det er samtidig ikkje gjort ei heilskapleg fagleg vurdering av effektar på landbruket og forbrukarane. Vi veit altså ikkje sikkert kva situasjonen hadde vore om vi ikkje hadde teke inn veterinæravtala. Dessutan påpeikar rapporten at det generelt sett er lite kunnskap og debatt om EØS-avtala. Dette bidrar også til avpolitisering om direktiv som kan vere problematiske.

Det er heller ikkje vektlagt nok at mykje av årsaka til at det ikkje gjekk verre er at næringa sjølv har valt å senke risikoen ved å velje å ikkje importere levande dyr, og innføre strengare reglar enn kravd, og at ein har innført kompensatoriske tiltak (t.d. at ein kan ha utvida testing for sjukdomar frå ei minimumsliste definert av EU). Ikkje minst er importen også begrensa av at tollvernet er oppretthalde i større grad enn ein kunne frykte før inngåinga av Veterinæravtala. Næringa tok ansvar når staten trekte seg tilbake og ikkje tok det fulle ansvaret.

For andre dyreartar, særleg hund, er det ingen som tek ansvar, og regelverket har gitt en eksplosjon av talet med hundar som reiser inn og ut av Norge.

Området er heller ikkje fullstendig avpolitisert. Matsminkedirektiva, barnematdirektiva, importforbod ved utbrotet av kugalskap og strid rundt vaksinerings mot blåtunge er døme på saker som har skapt politisk debatt. At det er få saker kan også ha samanheng med at sakene ikkje blir løfta ut av dei byråkratiske irrgangane og opp på eit politisk nivå, også i dei tilfella det trengs. Til dømes har det gått føre ein politisk debatt i EU om mat i større grad skal merkast med opprinningsland, eit tema som er svært politisk, men ikkje har blitt løfta fram i den norske debatten.

2. EØS eit gode?

Dei positive effektane av EØS for norske bønder, forbrukarar og veterinærområdet får stor vekt. For bøndene er det særleg lagt svært stor vekt på fordelane med *arbeidsinnvandring*. Det var utstrakt bruk av arbeidskraft frå EØS-området også før EØS-avtala vart inngått. Arbeidarane får tariff-løn. Hadde Noreg ynskje om arbeidsinnvandring hadde ein hatt store moglegheiter til å gjennomføre dette utan EØS-avtala.

Fleirtalet støttar seg i stor grad på Mattilsynet som skriv at det meste av reguleringane på matfeltet er uproblematisk og at mange reglar har gjort det mogeleg å styrke og betre norsk regulering av matfeltet.

Det blir påpeika at norsk *dyrehelse og dyrevelferd* ligg over snittet i EU, men samtidig systematisk trekt fram døme på at EU-reglar har ført til betre dyrevelferd, som til dømes ved å trekke fram burhøns-saka og ESA-inspeksjonar om skader på beitedyr frå rovdyr. Like godt kunne rapporten trekt fram negative effektar av innføring av EØS-avtala gjennom til dømes kasting av friske egg pga. unødvendig korte utløpsdatoar som følge av salmonella i andre deler av EØS-området. Utvalet ser òg heilt bort i frå ulempene og kostnadene ved overvåkings-program som vi blir pålagt gjennom veterinæravtala. Dette for å leite etter sjukdommar vi sjeldan eller aldri har hatt i Noreg. Nemast kan òg det rigide regelverket for merking av dyr, som for mange oppfattast som unødig firkanta.

Fleirtalet legg også vekt på at *forbrukarane* har fått billigare mat og betre utval som følge av auka import gjennom EØS-avtala, og at landbruksunntaket frå EØS har vore ein ulempe for forbrukaren. Dei skriv lite om korleis importvernet er ein fordel for heile det norske samfunnet gjennom dei fellesgoda landbruket bidreg med, og det omfattande næringslivet vi har frå jord til bord. Det er heller ikkje gitt at lågare pris til bonden ville gitt automatisk lågare pris i butikk. Det ville sannsynlegvis gitt mindre norsk produksjon, jamfør det svenske dømet. Undersøkingar frå EU-kommisjonen (2009) viser at prisfall til bonde, ikkje fekk direkte effekt på forbrukarprisar. Fleirtalet skriv også at WTO-avtala er viktigare for handel med landbruksvarer enn EØS-avtala. Men det er importen frå EU som dominerer med nærare 70 % av den norske importen. Etter at Doha-runda i WTO forhandlingane meir eller mindre har kollapsa, er det EØS avtalen som i størst grad minskar den norske handlefridomen i landbruks-politikken, sjølv om vi framleis kan før ein sjølvstendig norsk politikk.

3. Negativ til norsk landbrukspolitik og positiv til EU

Norsk landbrukspolitik blir gjennom-gående framstilt som proteksjonistisk og uheldig for forbrukarane, og eit problem for forholdet til EU. Ein påpeikar til dømes fall i talet på bruk og høgt prisnivå, og negative reaksjonar frå EU. Landbruks-politikken i EU blir derimot gått lite inn i, og det blir til dømes peika på at det er tollfridom i EU, men ikkje trekt fram at EU har sterk skjerming frå land utanfor unionen. Noreg brukar til dømes toll på vel 50 % av landbruksvarene, medan EU brukar toll på rundt 70 % av landbruksvarene.

Det blir brukt statistikk som viser at prisnivået i Noreg er 50 % over snittet i EU utan å samanlikne kostnadsnivå. Det gir eit betre bilete å bruke målet på kor stor del av inntekta som blir brukt på mat. Her ligg Noreg under snittet i Europa. Dessutan er prisane som er brukt pris i butikk og ikkje i jordbruk eller industri. Mange andre element enn jordbrukspolitik og grensevern spelar her inn, som Matkjede-utvalet nyleg påpeika i sin rapport.

Det blir i stor grad ”teke parti” for EU i debatten, og ikkje påpeika til dømes at tollsatsane som skulle utjamne skilnader i råvarepris på bearbeidde produkt i protokoll 3 ikkje er oppjusterte for Noreg, slik at avtala ikkje fungerer slik den skal. Fleirtalet påpeikar heller ikkje at artikkel 19-avtala ikkje lenger er gjensidig fordelaktig, når forholdet mellom import og eksport er 7:1 i EUs favør. I staden for å vektlegge at importen har auka med over 100 % siste ti åra, blir det påpeika at EU er misnøgd med lite framdrift i liberalisering med landbruksvarehandelen. Importen blir framstilt som relativt beskjeden, når realiteten er at vi importerer landbruks-varer for 27 milliardar kroner frå EU i 2011, og dermed er den 6. største eksportmarknaden for matvareindustrien i EU. Denne store importauken byrjar å få betydelege konsekvensar for dei mest sentrale produksjonane i Noreg.

Konklusjon

Europautredningens fleirtal overdriv dei positive og bagatelliserer dei negative effektane av EØS-avtala for norske forbrukarar og veterinærfeltet, utan å grunnkje dette fagleg. Dei negative effektane av auka import blir framstilt som isolerte problem for norske særinteresser. Det blir vist forståing for EUs manglande tolmod for auka liberalisering, medan lite vekt blir lagt på den store skeivleiken i EUs favør når det gjeld både handel og manglande utjamning av råvareprisar i protokoll 3. Dei positive effektane av EØS og EUs politikk blir tillagt stor vekt, medan dei negative effektane får liten plass. Vi ser igjen at utvalet har vel så mykje ein politisk som ein forskningsbasert inngang til sine vurderingar. Vurderingane blir einsidige og ubalanserte.

Nei til EU vil åtvare regjeringa mot einsidig å leggje Europautgreiinga sitt syn til grunn når det no skal utarbeidast ei stortingsmelding. Det er naudsynt at deira syn blir balansert i det vidare arbeidet.

Utenfor og innenfor – Norges europeiske dilemma

Feil om maktfordeling i EU og EU-kommisjonens posisjon

NOU-en gir på flere punkter et feil bilde av maktfordelingen i EU, både mellom unionsorganene og mellom unionsnivå og medlemsland.

Det står: ”Norge har ikke noen formell initiativrett i EU-prosessene, og kommer bare i svært beskjeden grad med forslag til EU om utvikling av nye områder.”¹ Det fremstilles som om dette er særskilt for Norges situasjon. Da gis det et feil bilde av beslutningsprosessen i EU. Heller ikke medlemslandene i EU har en formalisert initiativrett. Det er EU-kommisjonen som har enerett til å fremme lovforslag.

Videre står det: ”Kommisjonen er fortsatt svært viktig, men allerede utover på 1990-tallet ble dens relative betydning i EU svekket til fordel for Rådet, som følge av at

¹

medlemsstatene tok kontroll tilbake.”² Det er riktig at Det europeiske råd særlig etter Lisboa-traktaten har fått en mer sentral rolle i EUs politiske system. Noen generell svekkelse av EU-kommisjonen er det likevel vanskelig å se. Hovedtendensen i EUs traktatrevisjoner er flytting av makt fra nasjonalt nivå til unionsnivå, både ved at EU gis kompetanse på nye områder og ved at landenes vetorett fjernes når flertallsvedtak er innført som prosedyre på nesten alle områder.

Problemet med avpolitisering

I NOU-en står: ”Fordi Norge ikke deltar i de politiske beslutningsprosessene i Brussel er det ikke insentiver for norsk politisk engasjement. Hvis man ikke kan gjøre en forskjell, er det liten grunn til å engasjere seg.”³ Avpolitisering eller avmakt i opinionen er ikke noe særskilt for Norges EU-tilknytning. Snarere er dette et generelt trekk ved EU-samarbeidet. Det vises kanskje tydeligst gjennom den ekstremt lave, og stadig synkende, deltagelsen i valg til EU-parlamentet. Ved forrige valg sommeren 2009 stemte bare 43,2 prosent. Oppslutningen har aldri vært lavere. Det første valget ble holdt i 1979 med 62 prosent oppslutning. Ved hvert eneste valg har deltagelsen gått ned. I 1994 stemte 56,8 prosent, i 1999 49,2 prosent og 45,6 prosent i 2004. Her burde utredningen reise spørsmålet om problemstillingen er spesifikt knyttet til EØS eller avledet av EU-konstruksjonen.

Feil om oppslutningen for EØS

I NOU-en står: ”Selv om motstanden mot EU-medlemskap har holdt seg sterk, og økt i den senere tid, har EØS-avtalen gjennom hele perioden hatt sterk støtte både på Stortinget og i opinionen. Det har ikke vært sterke politisk krav om endring og det er ikke mange som ser endringer i dagens tilknytningsform som noen prioritert oppgave.”⁴

Dette gir et feil bilde av opinionens holdning til EØS-avtalen. Det er riktig at målinger viser et flertall for EØS-avtalen når de bare stiller spørsmålet ja/nei til EØS. Men meningsmålinger tatt opp av Sentio A/S og gjengitt blant annet i Klassekampen og Nationen i november 2011 og januar 2012 (sistnevnte etter at utredningen var framlagt) viste at et klart flertall ønsker en handelsavtale fremfor EØS: 52 prosent (des.) og 46 prosent (jan.) foretrakk handelsavtale mens bare 19, henholdsvis 24 prosent foretrakk EØS når de ble stilt overfor et valg.

Også her ser vi altså en mangel på presisjon og en noe ensidig bruk av kilder fra Europautredningens side. Dette er desto mer påfallende, når vi vet at den korrigerende informasjon som her frambringes, har vært offentlig kjent. Det kan tyde på at Europautredningen burde ha benyttet seg av bredere kildetilfang. Det bør til gjengjeld regjeringen sikre i det videre arbeidet.
